

Årsmelding 2014

Nordhordland Forsvarsforeining

1 Nordhordland Forsvarsforeining har i 2014 hatt fylgjande samansetning av styret

Formann:	Atle Bondevik
Nestformann:	Sven-Olav Saltnes
Styremedlem / kasserer:	Johannes Mehl
Styremedlem / sekretær:	Jarle Kandal
Styremedlem:	Roy Eikemo
1. Varamedlem:	Olav Steinar Namtvedt
2. Varamedlem:	Roy H. Carlsen.

2 Valnemnd

Fredrik Rongevær, Oddvard Eide, Ingeborg Haugsdal.

3 Revisor

Sverre Hope og Arne M. Kvamme vara revisor.

4 Styremøter

Det har i 2014 vore gjennomført 5 styremøter. Nordhordland Forsvarsforeining har eigen heimeside www.norhordlandff.no. Her finn ein dei siste oppdateringar av handlingsplan, referat og bilete av gjennomførte aktivitetar og styresamansetning.

5 Aktivitetar

Medlemsmøte på Bok kafeen i Eknesvågen. Me skipa til eit opent møte om litteratur frå krigstida. Eknesvågensvenner har ei stor samling med gamle bøker frå denne tida. Formann i Nordhordland forsvarsforeining innleia om ulike bøker. Frå venneforeininga orienterte Kristian Bjørge og formann Karstein Bjørge. Deretter var det høve til å låna/kjøpa bøker. Her var om lag 20 frammøtte medlemmer og andre. Kaffi og vaflar vart servert av venneforeininga.

Tur med KNM Hitra. Denne turen var i utgangspunktet tenkt lagd til Fedje. Men på grunn av seglingsreglane for båten måtte me endra dette til Herdla. Dette vart ein svært interessant tur. 16 personar var med på denne turen.

Medlemsverving. Laget har i år hatt 2 verveopplegg. Me var i Stordalen under årets Bjørn West marsj. Laurdagen hadde formannen ei orientering om Forsvarsforeininga for HV sine soldatar som var funksjonærar under marsjen. Pga. svært dårleg vær marsjdagen var det vanskeleg å få folk til å stoppe opp ved vår stand som var utandørs. 3 av styremedlemene var med her.

Me hadde også ein vervestand i Knarvik Senter. Dette var i samarbeid med Nordli bokhandel. Der var det denne dagen særleg lagt vekt på litteratur frå krigen og det var signering av bøker ved forfattarar. Her fekk me god kontakt med mykje folk. Det vart delt ut ein god del vervematriell, men ikkje direkte teikna medlemskap.

Dette året var minnemarkeringa 8 mai på Vestnorsk utvandarsenter på Sletta. Medarrangør var Radøy Kommune og utvandrar senteret. Kring 70 personar møtte fram på Utvandringssenteret på Sletta, Radøy, for å markera frigjeringsdagen 1945, og også Veterandagen for personell med utanlandsteneste etter krigen.

Det er særlig personar frå Tysklandsbrigaden og soldatar med FN-teneste som møter fram på denne etter kvart årlege tilskipinga. Det vart ei verdig og fin samkome for dei frammøtte. Tidlegare fylkesmann Svein Alsaker samt NK ved Haakonsværn, held talar i Emigrantkyrkja. Ved nedlegging av kransar framføre kyrkja, spelte eit 10-manns orkester. Radøy kommune var vertskap for gjestane, og på samfunnshuset "Skogen" vart det servert betasuppe.

Også i år, på 17. mai, har foreininga føretatt kransnedlegging på minnesstøtta for Ingvald Eidsheim/KNM. Dette året var det ordføraren i Lindås som la ned kransen. Formann og nestformann var også til stades som æresvakt ved kransnedlegging på Sletta ved minnesmerket for 99.bat. og krigsseglarane. Også ved minnesermonien i Stordalen ved minnestøtta for Bjørn West var me med som æresvakt. Formannen har delteke på leiarsamling i Norges Forsvarsforening på Gardemoen.

Planlagd tur til m.a. Arqebus museum og Haugesund vart av ymse grunnar ikkje noko av. Heller ikkje vårt "julebord". Her var det under 10 personar som meldte seg på. Kommunitur vart ikkje skipa til dette året, då me har vore innom "alle" kommunane våre. Det har vore lite oppmøte frå våre medlemmer på dei fleste tilskipingar.

Nordhordland Forsvarsforeining vart starta i 1990, og har såleis 25 års jubileum i 2015. 13 medlemmer har vore med heilt sidan starten.

6 Medlemsforhold

Medlemstalet er diverre litt minkande, så neste år må me gjera ein større innsats for å auka talet på medlemmer. Aukande medlemstal vil gjera godt utslag på økonomien, då kvart medlem gjev oss kr. 100.- i tilbakebetalt kontingent frå NFF. Nordhordland Forsvarsforeining vart starta i 1990, og har såleis 25 års jubileum i 2015. 13 medlemmer har vore med heilt sidan starten. Foreininga har 2 æresmedlemmer: John Pettersen og Fredrik Rongevær. Ingen nyinnmeldingar i 2014.

Årstal	2012	2013	2014
Medlemar	118	114	109

7 Økonomi

Pga. svak økonomi i foreininga, har styret dette året lagt opp til at alle tilskipingar skulle gå med overskot, noko som gjer at me har teke høgare betaling på våre tilskipingar enn tidlegare år. Radøy Kommune og sjøforsvaret tok storparten av utgiftene ved vår 8. mai tilskiping på Sletta, men her dekker me annonseutgiftene frå kassen. Dette har ført til at me dette året har gått om lag i balanse med inntekter/utgifter. Alt arbeid i foreininga har vorte utført på dugnad, ingen utbetalte honorar for til tillitsvalde.

Foreininga har økonomi til fortsatt drift.

Knarvik 1. februar 2015

For styret i Nordhordland Forsvarsforeining

Atle Bondevik
Formann

Jarle Kandal
Sekretær